

Kickoff for Festidalen på Vertshuset

16.07.2009



Inviterer til kick-off: Frå venstre Johannes Myklebust, Eilif Myklebust, Hege S. Eikenes og Sveinung M. Pile. (Foto: Kvinnheringen)


**Festidalen har glede av å invitere til kick off-fest på Vertshuset i
Uskedalen, fredag 24. juli kl 20.00 til 01.00, opplyser Festidalensjef Sveinung M. Pile.**



[Får strålende kritikkar for si første plate.](#)

- Vi ynskjer å lage til ein fest for dei frivillige som har meldt seg, for sponsorane våre og for alle dei festivalgjengarane som ynskjer å tjuvstarte Festidalen 09.

Det blir ein uhøgtideleg fest kor vi serverar ein smakeprøve på festidaldebutanten Robert Smith-Hald. Robert har nett slept si første plate "Innocence Said" og mottar strålende kritikkar for denne.



Vi oppmodar alle som likar Dylan og Springsteen til å ta turen. Målet vårt er å gjere dette til ein årleg tradisjon kor vi samlar flest mogleg til ei trivelig stund i forkant av Festidalen. Før og etter bandet spelar eigen DJ sommarperler på rekke og rad.

Sjå nettsida vår for meir informasjon. Alle er velkomne, seier Pile.